

Behovsanalyse oppvekst

Mai 2026

Føremål med behovsanalysar



Behovsanalysen skal gje eit samla, oppdatert og strategisk kunnskapsgrunnlag for planlegging av investeringar innan oppvekst fram mot 2040.

Føremålet er å

- sikra forsvarleg kapasitet i barnehage- og skulebygg
- Leggja til rette for gode læringsmiljø og tenester
- Gje grunnlag for prioreringar i økonomiplan og Øygarden 2040

Behovsanalysen for oppvekst omfattar to hovudområde:

- Behov for barnehagar
- Behov for skular


Barnehage- og skulebruksplan

- Kommunestyret vedtok i desember 2024 barnehage- og skulebruksplanen for Øygarden kommune for perioden 2024 – 2027: [Barnehage- og skulebruksplan](#)
- Behova som var peika på i planen er i stor grad framleis gjeldande, men det vil vere naturleg at det vert gjennomført ein revisjon av denne i løpet av neste kommunestyreperiode. Det må i forkant av revisjonen innhentast oppdaterte folke- og elevtalsprognoser.

Tidslinje barnehage- og skulebruksplan

Tidslinje barnehage- og skulebruksplan*

* Estimert tidspunkt
 ** Høyingsforslag



- Kommunale barnehagar
- Skular
- Politisk vedtatt
- Administrativ tilråding

Kva driv behovet for barnehagar og skular framover?

Befolkningsendringar

Utbyggingsplanar

Behov for å erstatta
og oppgradera bygg


Vi vert om lag 5 000 fleire fram mot 2040



For å sei noko om framtida er det nødvendig å nytta befolkningsprognosar. I denne behovsanalysen har vi brukt befolkningsprognosar utarbeidd av Norconsult i mai 2024.

Figuren til høgre viser at Øygarden kommune vil veksa vidare fram mot 2040, frå om lag 40 600 til 45 800 innbyggjarar. Dette er ein moderat vekst på nær 13 prosent.

Det er viktig å hugsa på at prognosar alltid inneber usikkerheit. Usikkerheita aukar naturleg nok jo lenger fram i tid vi ser.




Figur 1, henta frå Norconsult-prognose frå mai 2024

Kommunen veks – men ikkje blant dei yngste

Figuren til høgre viser at den største endringa kjem i dei eldste aldersgruppene. Talet på personar over 67 år aukar frå om lag 6 300 i 2026 til nær 9 900 i 2039, ein vekst på rundt 58 prosent. Auken er endå sterkare for dei over 80 år, som meir enn doblar seg.


Barn og unge under 20 år utgjør 25 prosent av innbyggjarane i dag. Ved utgangen av 2039 vil talet på barn og unge vera om lag det same som i dag, men sidan folketalet generelt aukar, vil berre 22 prosent av innbyggjarane vera barn og unge under 20 år.

Sjølv om talet på barn og unge ikkje aukar totalt sett i kommunen, er det område i kommunen som kan venta vekst også i denne aldersgruppa. Særleg i regionsenteret vil det vera auke i talet på barn og unge. I nokre område kan vi derimot venta nedgang.



Figur 2, framskriven folkemengde fordelt på ulike aldersgrupper. Kjelde: Norconsult (2024)

Avvik elevtalsprognosen 2024 - 2026/2027



Totalt er det **16 færre** elevar i skuleåret 26/27 enn det prognosane tilsa i 2024.

I sør (Stranda, Spildepollen, Skogsvåg) er det totalt **18 fleire** elevar enn prognosane viser, medan i nord (Toftøy, Rong og Tjeldstø) er det totalt **2 fleire** elevar.

For skular som høyrer til Tranevågen ungdomsskule er det totalt **11 færre** elevar enn i prognosane.

På barneskulane som soknar til Fjell ungdomsskule er det **25 færre** elevar enn prognosane viser.


*Skulegrensene mellom Brattholmen og Hjelteryggen er endra frå skuleåret 25/26. Til saman er det **4 færre** elevar på desse skulane enn prognosane frå 2024 viser.

Utfordringsbilete

- Kapasitets- og vedlikehaldsutfordring på Litle-Sotra, særskild Brattholmen
- Venta vekst vil utfordre barnehage og skulekapasiteten i Straume-området
- God barnehage- og skulekapasitet i nord og sør
- For lite kapasitet på forsterka avdeling på Hjelteryggen
- Meir berekraftig og effektiv drift gjennom samlokalisering av forsterka tilbod og større einingar

Dagens kapasitet barneskular

Kapasitet barneskule i nord



Kapasitet


Toftøy: 240

Rong: 220

Tjeldstø: 128

Totalt: 588

Kapasitet barneskule i sør



Makskapasitet


Stranda: 450

Spildepollen: 300

Skogsvåg: 300

Totalt: 1050

Kapasitet barneskule i vest/midt



Makskapasitet

Ulveset: 345*

Knappskog: 315

Ågotnes: 350


Landro: 300

Totalt: 1310*

*Ulveset vert mellombels utvida med inntil 60 ekstra elevplassar frå august 2026

Kapasitet barneskule i aust (regionsenteret)

Samla kapasitet Hjelteryggen, Foldnes, Brattholmen, Kolltveit



Kapasitet

Hjelteryggen: 250

! Brattholmen: 350

! Foldnes: 300


Kolltveit: 270

Totalt: 1120

Kapasitet barneskule Bjorøy

Kapasitet

Bjorøy: 150




Barnehage

- Det er gjort fleire grep knytt til barnehagestruktur i dei kommunale barnehagane dei siste åra gjennom samanslåingar og nedleggingar.
- Det er framleis god barnehagekapasitet i fleire delar av kommunen. Dette gjeld særskild nordlege og sørlege delar av kommunen.
- Kommunen kan og utvide barnehagekapasiteten gjennom dialog med private barnehagar.

Følgande barnehagar er slått saman eller avvikla sidan 2021:

- Bildøy - lagt ned i 2021
- Tussetjødna og Leirstaden (slått saman i 2023)
- Ågotnes og Hamramyra (slått saman i 2024)
- Terna – lagt ned i 2025
- Ulveseth – lagt ned i 2025



- 11 kommunale barnehagar
- 17 private barnehagar
- 2 familiebarnehagar
- 1 open barnehage (tre avdelingar)

Samla vurdering

Oppsummering av behov fram mot 2040

Analysane viser i grove trekk desse utfordringsbileta for Øygarden knytt til barnehage- og skulebygg:

- Kapasitet (særskild Brattholmen og Foldnes skular) og vedlikehaldsutfordringar i sentrale deler av kommunen
- Manglande barnehagekapasitet til å handtere forventa vekst i sentrale deler
- Fleire skulebygg har for små klasserom til å drifte skoletilbodet mest mogleg effektivt
- Fleire barn og elevar med behov for fysisk og sosial tilrettelegging - bør etablerast fleire forsterka tilbod

Usikkerheit

- Som nemnt vil det vera usikkerheit knytt til behovet. Det kan vera risiko for at vi under-/overvurderer behovet lengre ute i perioden. Behovsanalysen bør difor reviderast innan seinast to år.
- I det følgjande vert estimert kostnad for dei ulike behova gjort greie for. Det presiserast at dette er grove tal, basert på erfarings- og nøkketal. Det er først når dei ulike prosjekta vert politisk vedteke i økonomiplanen at endeleg investeringsramme vert tildelt.

Skisse – investeringstabell oppvekst

Investering	Tidl.																				Total invest.kost.	
	løyvd	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036	2037	2038	2039	2040	2041	2042	2043	2044		2045
Fjell ungdomsskule	27	154	289	215																		685
Ny skuleVestsida		10	30	90	70																	200
Liljevatnet barnehage						10																10
Rehab. Ågotnes						21	63	167	167													418
Rehab. Brattholmen									13	38	100	100										251
Ny barnehage Bildøy									7	26	33											66
Rehab. Foldnes											10	30	78	78								196
Ny barneskule Lillesotra				23	67	180	180															450
Rehab. Hjelteryggen												10	30	81	81							202
Rong skule																	5	15	39	39		98
Øygarden ungdomsskule																10	30	80	80			200
Sund ungdomsskule																		9	28			37
Totale invest.kostnader	27	164	319	328	137	211	243	187	231	143	130	88	108	81	81	10	35	104	147	39	0	2 813

*Barnehage- og skulebruksplanen er ikkje vedteke anna enn tiltaka fram til 2028

Strategiske grep

1. **Revidere barnehage- og skulebruksplan i 2028** – Oppdaterte elevtalsprognoser må legges til grunn. Planen **må** svare ut kapasitets- og vedlikeholdsbehov
2. **Kapasitet** - Løse kapasitetsutfordring rundt Brattholmen/Straume
3. **Vedlikehold** - Løse vedlikeholdsutfordring knytt til barnehage- og skulebygg i sentrale deler av kommunen
4. **Erstatningsskule** - Bruke eksisterende skular til erstatningsskuler ved rehabilitering
5. **Samlokalisering og fleksibilitet** – bygg som kan endre funksjon over tid – auke i forsterka tilbud

